


Revidert Handlingsplan for landbruket i Gol



*Vedteken i kommunestyret i K-sak 50/10
i møte 07.09.2010*

1. FØREORD

I 2003 vart det utarbeide "Handlingsplan for landbruket i Gol". Planen vart vedteken i kommunestyret k-sak 0034/03 som ein sektorplan. Etter innspel frå det politiske miljøet i Gol vart det bestemt at den gamle planen skulle reviderast. Planen vart derfor revidert våren 2009.

Bakgrunnen for at ein ville revidere landbruksplan, var at ein ynskte få med endringane som har skjedd i landbruket dei siste åra. Planen skal framleis synleggjere landbruksnæringa sitt mangfald i høve til lokal verdiskaping, sysselsetjing, busetnad og kulturlandskap. Planen skal vidare stimulere til sysselsetjing og eit aktivt framtidig landbruksmiljø i kommunen.

Revideringa av handlingsplan for landbruket i Gol har vore organisert som eit prosessarbeid der Faglaga i landbruket har hatt ei viktig rolle i prosessen. I tillegg har både politisk og administrativt nivå vore representert. Norsk landbruksrådgiving østafjells ved Aslak Botten har vore sekretær i prosessen. Medlemmane i arbeidsgruppa har vore:

- Leiar: Herbrand Jegleim ,Hallingdal Skogeigarlag
- Nestleiar: Kjell Borge, Gol bonde og småbrukarlag
- Representant: Magne Øynebråten, Gol Bondelag
- Representant: Yngve Skaret, Gol sau og geit
- Representant: Anders Viljugrein, Golsfjellet Utmarkslag
- Representant: Herbjørg Dalene Bjerke, Politisk representant
- Representant: Viel Ribberud, Administrativ, Landbruk og Næring
- Sekretær: Aslak Botten, Norsk landbruksrådgiving Østafjells

Gol reisemål var og invitert til å delta men kunne ikkje stille.

Arbeidsgruppa vil takke alle personar som har vore involvert i arbeidet med revideringa av landbruksplanen. Dykkar innspel har vore til stor hjelp for at sluttproduktet skulle bli best mogleg.

Arbeidsgruppa håpar at landbruksplanen sikrar brei politisk og næringsmessig tilslutnad slik at alle krefter i framtida vert nytta til å arbeide til beste for landbruksnæringa.

Arbeidsgruppa ser det som naturleg at landbruksplanen vert lagt til grunn ved neste kommuneplanrevisjon og at revisjon av sjølvne planen skjer når det politiske organ som har fagansvar (utval for natur og næring) finn det naudsynt.

Gol, den 5.mai 2009.

Herbrand Jegleim
leiar Arbeidsgruppa

2. Innhold

1.	FØREORD	2
3.	INNLEIING	5
3.1	HANDLINGSPANEN SITT FØREMÅL	5
3.2	NASJONALE LANDBRUKSPOLITISKE MÅL OG RETNINGSLINJER	5
3.3	HOVUDMÅL FOR LANDBRUKS- OG MATPOLITIKKEN	5
3.3.1	<i>Delmål for landbruks- og matpolitikken er:</i>	6
3.4	KOMMUNEPLANEN FOR GOL 2001-2010	7
3.4.1	<i>Jordbruk, skogbruk og viltforvaltning:</i>	8
3.4.2	<i>Naturforvaltning og miljøvern:</i>	8
3.4.3	<i>Hovudmålsetjingar for landbruket i Gol</i>	8
4.	OPPSUMMERING	9
	<i>Tiltak</i>	9
5.	STATUS – UTVIKLINGSTREKK	10
5.1	OVERSIKT OVER NASJONAL PRODUKTIVITETSUTVIKLING 1996-2006	10
5.2	ARBEIDSVEDERLAG OG EIGENKAPITAL 2001-2006	11
5.3	NATURGRUNNLAGET I GOL KOMMUNE	11
5.3.1	<i>Areal og topografi</i>	11
5.3.2	<i>Geologi</i>	12
5.3.3	<i>Klima</i>	12
5.4	JORDBRUKSAREALET	12
5.4.1	<i>Jordbruksarealet</i>	12
5.4.2	<i>Verdi av beiter i Gol</i>	12
5.4.3	<i>Utmarksbeiter</i>	12
5.5	BRUKSSTRUKTUR	13
5.6	PRODUKSJONSOMFANG	14
5.7	SYSSELSETTING	15
5.8	ØKONOMI – VERDISKAPING	16
5.9	SKOGEN I GOL	16
6.	NÆRINGSUTVIKLING	17
6.1	JORDBRUK	17
6.1.1	<i>Produsentmiljø</i>	17
6.2	SAMARBEIDSTILTAK I LANDBRUKET	18
6.3	BEITEBRUK	19
6.4	BEITEKRAV 2013	20
6.5	JAKT- OG FISKE:	21
6.6	SKOGBRUK	22
6.6.1	<i>Hovudtrekk frå oversiktsplanen:</i>	22
6.6.2	<i>Skogens mange roller:</i>	22
	<i>Alternative bioenergikjelder</i>	22
	<i>Skogens rolle som CO₂ bindar</i>	23
6.7	TILLEGGSNÆRINGAR	24
6.7.1	<i>Reiseliv og gardsturisme:</i>	24
6.7.2	<i>Andre tilleggsnæringar:</i>	25
6.7.3	<i>Tomme driftsbygningar</i>	25
7.	KULTURLANDSKAP, MILJØ OG NATURVERN	26
7.1	LANDBRUK OG KULTURLANDSKAP	26

Revidert handlingsplan for landbruket i Gol 2010

7.2	BIOLOGISK MANGFALD:.....	27
7.3	STØLSDRIFT:	28
7.4	ØKOLOGISK LANDBRUK:	29
7.5	JORDVERN	30
7.6	FORUREINING:	31
8.	BUSETNAD OG SYSSELSETJING	32
8.1	BU - OG DRIVEPLIKT:.....	32
8.2	TILRETTELEGGING FOR BUSETNAD:	32
9.	REKRUTTERING OG FORVALTNING.....	33
9.1	REKRUTTERING.....	33
9.2	KOMMUNAL LANDBRUKSFORVALTNING:	35
9.3	AREALFORVALTNING:.....	36
9.4	LNf-OMRÅDER	36
9.5	OMDISPONERING.....	37
9.6	DELING.....	37
9.7	DISPENSASJON	37
9.8	BRUKSENDRING.....	38
10.	MÅLSETJINGAR OG TILTAK	39
11.	REFERANSAR	43
12.	VEDLEGG.....	43

3. Innleiing

Landbruksdepartementet har m.a. gjennom Stortingsproposisjon nr. 8 (1992-1993) Landbruk i utvikling og Stortingsproposisjon nr. 29 (1996-1997) *Regional planlegging og arealpolitikk*, gjeve føringar for utarbeiding av kommunale landbruksplanar. Landbruksplanen må utarbeidast innanfor dei rammene som blir sett av særlovene i landbruket med tilhøyrande forskrifter. Dei viktigaste lovene er jordlova, skogbrukslova, odelslova og konsesjonslova.

3.1 Handlingsplanen sitt føremål

Hovudmålet med landbruksplanen er å legge tilhøva til rette for ei utvikling i næringa som sikrar sysselsetjing og eit aktivt framtidig landbruksmiljø i kommunen.

Gjennom planen skal ein utvikle retningslinjer for landbrukspolitikken i Gol kommune. Ved å utarbeide ein landbruksplan vil ein få eit sektorinnspel til kommuneplanen. Planen vil også vere eit forvaltningsverktøy for kommunen.

3.2 Nasjonale landbrukspolitiske mål og retningslinjer

Vilkåra for landbruket blir i hovudsak bestemt av dei naturgjevne tilhøva og den nasjonale landbrukspolitikken.

Landbruket omfattar det tradisjonelle jord- og skogbruket med tilknytte næringar som gardsturisme og utleige av jakt- og fiskerettar, hytter og hus.

Stortingsproposisjon nr 1 (2008-2009) Ta landet i bruk, er eit viktig dokument for utforminga av landbrukspolitikken. Der står det:

”Landbruket spelar ei viktig rolle for busetjing og sysselsetjing i store delar av landet. Landbruket er mangfaldig og omfattar jordbruk, skogbruk, beitebruk og reindrift og er òg viktig for næringar som reiseliv og kultur og for næringsmiddelindustrien. Landbruket i Noreg har fleire funksjonar: produsere trygg mat og sikre matforsyninga, produsere og levere trevirke, medverke til å oppretthalde kulturlandskapet og sikre sysselsetjing og busetjing over heile landet. Norsk matjord er ein avgrensa ressurs som det er eit nasjonalt ansvar å ta vare på for våre etterkomarar. Målet er å halde ved lag eit levande landbruk over heile landet. Regjeringa vil sikre utøvarane i landbruket ei inntektsutvikling og sosiale vilkår på linje med andre grupper.”

Til denne stortingproposisjon følger også ein strategiplan.

3.3 Hovudmål for landbruks- og matpolitikken

Ein landbruks- og matpolitikk som held ved lag eit levande landbruk over heile landet. Politikken skal gje grunnlag for auka verdiskaping og livskvalitet basert på ei berekraftig forvaltning av landbruket og bygdene sine ressursar.

3.3.1 *Delmål for landbruks- og matpolitikken er:*

- Sikre trygg mat
- Fremje mangfald og andre forbrukaromsyn i produksjon og omsetning av mat
- Fremje god dyre- og plantehelse og god dyrevelferd.
- Ei berekraftig ressursforvaltning med eit sterkt jordvern, bevaring og vedlikehald av kulturlandskapet og sikring av det biologiske mangfaldet.
- Berekraftig skogbruk som grunnlag for auka verdiskaping gjennom trebruk, bioenergi og utmarksnæring.
- Eit aktivt landbruk som medverkar til sysselsetjing og busetjing over heile landet og som gjev grunnlag for auka verdiskaping gjennom ny næringsverksemd.
- Nasjonal matforsyning, ein konkurransedyktig matvareindustri og nyskapande og berekraftig produksjon av varer og tenester.
- Ei livskraftig reindriftsnæring i balanse med beiteressursane og som medverkar til å halde oppe samisk eigenart

I tillegg har departementet strategiar som er å utvikle:

- Handlingsrom for ein nasjonal landbruks- og matpolitikk innanfor internasjonale avtalar og forhandlingar og eit sterkt importvern for innanlandsk landbruksbasert matvareproduksjon
- Ei open, brukarretta og effektiv landbruks- og matforvaltning med høg kvalitet og stor grad av medverknad
- Forskingsinnsats av internasjonal kvalitet som fremjar ein innovativ og berekraftig landbruks- og matsektor med høg tillit i samfunnet

St.meld. nr. 19 (1999-2000) Om norsk landbruk og matproduksjon, St.meld. nr 17 (1998-1999) Verdiskaping og miljø – moglegheiter i skogsektoren (skogmeldinga), legg viktige premisser for utvikling av landbruket og for denne strategien.

Viktige føringar for næringsutviklingsarbeidet finns og i St.meld. nr.21 (2005-2006) ”*Hjarte for heile landet*” (Om distrikts- og regionalpolitikken), og St.meld. nr. 20 (2004-2005) ”*Vilje til forskning*”, samt LMD sin eigen forskingsstrategi frå 2007.

Sentrale dokument er og dei årlege Stortingsproposisjonane knytt til Statsbudsjettet og Jordbruksforhandlingane, og Stortingets behandling av desse.

Regjeringa la i 2005 fram St.prp. nr. 1 (2005-2006) dokumentet ”landbruk pluss” der målet er å leggje betre til rette for eit større mangfald av aktivitetar i tilknytning til landbruket. Det sentrale i ”landbruk pluss” er den nye plan og bygningslova. Her står det korleis plan- og bygningslova kan nyttast for tilrettelegging av ny landbruks tilknytt næringsverksemd. Vidare har Buskerud fylkeskommune sagt dei ønskjer sterke og synlege bygder med aktivt landbruk i heile Buskerud. Fylkeskommunen utarbeida derfor ein revidert plan for næringsutvikling i Buskerud 2007-2009.

For å styrkje grunnlaget for busetnad, sysselsetjing og velferd i distrikta må ein auke verdiskapinga i bygdene. Det blir lagt vekt på å utvide næringsgrunnlaget i bygdene og stimulere til nye arbeidsplassar for kvinner og ungdom. Bærekraftig produksjon og bruk av natur og utmark skal fremjast. Ny næringsverksemd skal vere marknadsorientert og lønsam.

Landbruksproduksjonen skal tilpassast naturen si tåleevne. Omsynet til kulturlandskapet, kulturminne, biologisk mangfald og lokale miljø- og produksjonsføresetnader skal tillegkast

Revidert handlingsplan for landbruket i Gol 2010

vekt. Produktive areal må sikrast mot nedbygging for å halde landbruksproduksjonen oppe i eit langsiktig perspektiv (St meld nr 19, 1999-2000 LD). I tillegg har regjeringa sett endå sterkare fokus på dette ved ei målsetting om å halvere den årlege omdisponeringa av dei mest verdifulle jordressursane innan 2010.

Norsk landbruk skal i tråd med samfunnet sitt behov:

- produsere helsemessig trygg mat av høg kvalitet med bakgrunn i forbrukarane sine preferansar.
- produsere andre varer og tenester med utgangspunkt i næringa sine samla ressursar.
- produserer fellesgoder som livskraftige bygder, eit breitt spekter av miljø- og kulturgoder og ei langsiktig matforsyning.

Som juridiske virkemiddel i arealforvaltninga er det vidare eit nasjonalt mål å:

- styrkje jordvernet
- styrkje busetjingsfunksjonen
- sikre produksjonsgrunnlaget som grunnlag for gode inntektsmoglegheiter
- betre rekrutteringa til næringa
- forenkle lover og reglar for brukar og forvaltning

Samfunnet sin plan med arealressursane er nedfelt i blant anna jordlova. Noko av hovudgrunnlaget for landbruksforvaltninga finn ein i føremålsparagrafen i jordlova av 12. mai 1995:

§1. Føremål:

"Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetnad, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter."

3.4 Kommuneplanen for Gol 2001-2010


Kommuneplanen for Gol, stadfesta i K-sak 0065/01, gjev eit bilete av utfordringane for landbruket i kommunen. Kommuneplanen er no under revidering. Dei langsiktige overordna måla for næringa kan oppsummerast slik:

3.4.1 *Jordbruk, skogbruk og viltforvaltning*

- Oppretthalde det tradisjonelle landbruket på det nivå ein har i dag.
- Vidareutvikle landbruket med utgangspunkt i både tradisjonelle driftsformer og nyskaping/tilleggsnæringar.
- Styrke samarbeidet mellom reiselivet og landbruksnæringa.
- Hindre nedbygging av produktive landbruksareal og område for vilt, fiske og truga artar når ikkje andre viktigare samfunnsinteresser tilseier at nedbygging er tilrådeleg.
- Auke avverkinga med minst 10.000 m³ årleg uttak for å oppnå betre balanse mellom gamal og ny skog.
- Gjennomføre nyplanting slik at ein kan auke den framtidige produksjonen av kvalitetsvirke.
- Oppretthalde ein viltbestand som er tilpassa beitegrunnlaget og er bærekraftig ut frå årsleveområda.
- Setja fokus på næringa si viktige rolle i klima og miljøringsamheng, samt landbruket sine mogelegheiter for produksjon av biobrensel.

3.4.2 *Naturforvaltning og miljøvern*

- Naturen og miljøet skal forvaltast ut frå prinsippet om bærekraftig utvikling.
- Miljøfaktoren skal vere overordna all kommunal planlegging.
- Gjennom planarbeidet skal det takast omsyn til at utbygging skal konsentrerast i størst mogleg grad slik at ein kan bevare samanhengande naturområde.
- Artsrikdom og variasjon av naturtypar og geologisk formasjon skal takast vare på, særleg nøkkelbiotopar og artar som har nasjonal, regional eller lokal verdi.



3.4.3 *Hovudmålsetjingar for landbruket i Gol*

Med bakgrunn i handlingsplanen sitt føremål, nasjonale landbrukspolitiske mål og retningslinjer samt langsiktige overordna målsetjingar i kommuneplanen, skal Gol kommune aktivt arbeide for eit landbruk som:

- gjev god inntektsutvikling og synleggjer landbruket sin samfunnsmessige verdi og lokale og regionale ringverknader.

- opprettheld ei tradisjonell landbruksdrift basert hovudsakleg på mjølk- og kjøtproduksjon.
- sikrar busetnad i heile kommunen.
- sikrar næringa ferie- og fritidsordningar.
- stimulerer næringa til nyskaping og vidareutvikling av alle tilgjengelege ressursar på landbrukseigedomane.
- brukar og ivaretek jord-, skog- og beiteressursane i den daglege landbruksdrifta for å oppretthalde eit variert miljø- og kulturlandskap.
- produserer sunn mat av høg kvalitet innan både tradisjonelle landbruksprodukt og ulike nisjeprodukt.
- sikrar framtidig rekruttering til næringa.
- har tilgang på regional landbruksutdanning og lokalt og regionalt kompetansesenter innan næringa.
- er minst mogleg byråkratisk innanfor lova sine rammer.

4. Oppsummering

Landbruket i Gol og Hallingdal betyr mykje både lokalt og regionalt i høve til direkte og indirekte sysselsetjing og verdiskaping. I tillegg er landbruket ein svært sentral faktor for å sikre eit levande bygdesamfunn med variert busetjingsmønster og eit aktivt natur- og kulturlandskap til glede for alle innbyggjarane og turistane.

Sidan byrjinga av 1990-talet har dei statlege rammeoverføringane til landbruksnæringa vorte redusert år for år. Resultatet av dette har vore ein stor nedgang i talet på aktive gardsbruk både i Gol og dei andre kommunane i Hallingdal. Dette er ei svært uheldig utvikling i høve til ynskje om å oppretthalde eit variert busetjingsmønster og ha eit levande natur- og kulturlandskap. På sikt vil ei slik utvikling gje merkbare konsekvensar for turist- og handelsnæringa i regionen.

Tiltak:


Gol kommune ynskjer i framtida å vere ein aktiv pådrivar for å betre landbruket sine generelle rammeføresetnader. Ein vil ikkje akseptere ei utvikling i næringa som medfører nedlagte gardsbruk, fråflytta grender og eit attgrodd natur- og kulturlandskap.

Gol kommune skal jobbe for å påverke dei sentrale styresmaktene til å føre ein politikk som opprettheld ei aktiv landbruksdrift.

5. Status – Utviklingstrekk

5.1 Oversikt over nasjonal Produktivitetsutvikling 1996-2006

Figur 1: Produktivetsframgang i jordbruket 1996-2006




Kjelde: Noregs Bondelag 2008.

Figur 1 viser at Norsk landbruk har hatt ein produktivetsauke utan sidestykke dei siste 10 åra, som andre næringer truleg ikkje kan vise maken til. Antal aktive bruk er redusert med om lag 35 % på 10 år. Likevel har produksjonen auka med 2 %. Antal årsverk i landbruket har vorte redusert om lag 30 % i same tidsrom. Kapitalen har vorte redusert noko, ca 7% men ikkje like mykje som antal årsverk. Dette tyder på at det er dei større bruka som tek over produksjonen og gjer dei fleste investeringane. Når me veit at det i tillegg dei siste åra har vorte færre dyr seier det seg sjølv at den totale produksjonsauken har vore enormt god.

5.2 Arbeidsvederlag og egenkapital 2001-2006

Figur 2: Arbeidsvederlag og egenkapital 2001-2006



Figur 2 viser nasjonal utvikling. Grafene viser vederlaget til arbeidet og egenkapitalen. Samstundes som produktivitetssauken er formidabel ser me at arbeidsvederlaget står om lag stille. For vårt området er det viktig å legge merke til grafene for sau og mjølkekyr. For sau har inntektsutviklinga vore om lag 5000 kr/årsverk i året og på mjølk om lag 6000 kr/årsverk pr år. Dette er langt under kva som er normal lønnsauke i året for ei vanleg bedrift eller lønsmottakar.

5.3 Naturgrunnlaget i Gol kommune

5.3.1 Areal og topografi

Gol kommune har eit samla areal på 530,51 km² som er fordela slik:

Jordbruksareal:	20 850 daa	3,9 %
Skogareal:	337 280 daa	63,6 %
Ferskvatn:	15 380 daa	2,9 %
Landareal elles:	157 000 daa	29,6 %

Tabell 1

Aralet fordeler seg slik i ulike høgdslag:

150-300 moh:	19 km ²	3,6 %
300-600 moh:	59 km ²	11,1 %
600-900 moh:	239 km ²	45,1 %
900-1200 moh:	207 km ²	39,0 %
Over 1200 moh:	6,5 km ²	1,2 %

Tabell 2

5.3.2 *Geologi*

Berggrunnen i Gol består for ein stor del av prekambriske grunnfjellsbergartar som gneis og kvartsitt. På store deler av Skaråsen og Golsfjellet, og på enkelte parti av Søråsen ligg den yngre bergarten fyllitt frå kambrosilurisk tid. På grunn av fyllittens kalkinnhald dannast næringsrikt jordsmonn ved forvitring.

Overflateformene er for ein stor del forma av isen. Som eit høgareliggende område, langt over den marine grensa, består jordsmonnet for ein stor del av grovt morenemateriale. Store myrområde har gitt grunnlag for god matjord. I dalbotnen er jordsmonnet til ein viss grad prega av elveavsett sand.

5.3.3 *Klima*

Gol har eit typisk innlandsklima med varme somrar og kalde vintrar. Med ein årsnedbør på 550 mm. er Gol eit nedbørsfattig område. Om lag 250 mm. fell i vekstmånadene mai - august. Nedbøren er minst om våren. Middelttemperaturen i året er + 2,2° C, og middelttemperaturen for vekstmånadene mai - august er + 10° C. Planteveksten er svært liten ved temperaturar under 6° C.

5.4 Jordbruksarealet

5.4.1 *Jordbruksarealet*

Jordbruksarealet fordeler seg slik:

Fulldyrka jord til slått og beite	15 505 daa
Overflate dyrka jord til slått og beite	711 daa
Innmarksbeite	3 848 daa
Sum	20 064 daa

Tabell 3, Kilde: Søknad om produksjonstilskot, 2008

Nær halvparten av den fulldyrka jorda ligg i fjellet.

5.4.2 *Verdi av beiter i Gol*

Bruken av beiter vil i framtida bli viktigare både marknadsmessig overfor forbrukarane og for å tilfredstille haldforskrifter om oppstalling og stell av dyr.

Frå 2013 blir det truleg krav om at alle storfe med unntak av hanndyr over 6 mnd skal gå ute i minst 8 veker i løpet av året.

5.4.3 *Utmarksbeiter*

For å sikre næringsgrunnlaget i husdyrproduksjonen er det naudsynt å bruke utmarksbeita. Beiteområda i Gol er så store at dei samla sett ikkje utgjer nokon minimumsfaktor, dei kan derimot vere ein minimumsfaktor for den enkelte bonde. Mangel på vårbeite gjer seg særleg gjeldande i sauehaldet. Det er heilt avgjerande for mange husdyrbrukarar at dei framleis kan nytte utmarksbeita.

Tabellen under syner fôropptak på utmarksbeite for dei ulike husdyrslaga. Ved ein fôreiningspris på kr 3,- utgjer dette ein verdi av fôropptaket på utmarksbeite på om lag

Revidert handlingsplan for landbruket i Gol 2010

2,85 millionar kroner. Rekna frå ei normalavling på 300 fôreiningar per dekar fulldyrka mark tilsvarer dette avlingar på 3200 daa.

Fôropptak på beite i 1999 og 2008:

Dyreslag	Tal dyr		Beitedagar	Fôropptak (fem ⁶)/dag	Totalt fôr-opptak (fem)		Verdi i kroner	
	1999	2008			1999	2008	1999	2008
Mjølkekyr	410	348	60	5	123 000	104 400	369 000	313 200
Ungdyr	548	421	80	5	219 200	168 400	657 600	505200
Sau	6 306	5010	95	1	599 070	475 950	1 797 210	1 427 850
Hestar over 1 år	23	7	80	5	9 200	2800	27 600	8400
Sum					950 470	751 550	2 851 410	2 254 650

Tabell 4

5.5 Bruksstruktur

Fordeling av driftseiningane etter storleiken på jordbruksarealet:

Jordbruks-areal, daa	1969		1979		1989		1999 ¹	
	daa	%	daa	%	daa	%	daa	%
5-19	57	15,8	50	18,2	37	15,8		
20-49	141	39,1	95	34,7	64	27,4	36	21,8
50-99	143	39,6	79	28,8	65	27,8	49	29,7
100-199	19	5,2	38	13,9	52	22,2	50	30,3
200-299	1	0,3	11	4,0	12	5,1	19	11,5
300-499	-	-	1	0,4	4	1,7	9	5,5
500-	-	-	-	-	-	-	2	1,2
Sum	361	100	274	100	234	100	165	100

Tabell 5, Kilde: Landbrukstellingane 1969, 1979, 1989 og 1999.

Tabellen syner klar endring i bruksstrukturen gjennom tida ved at det er blitt færre, men større driftseiningar.

Denne trenden har forsterka seg dei siste åra. Ny landbruksteljing skjer fyrst i 2009.

¹ I tabell 5 landbrukstellinga for 1999 er det ikkje gjort inndeling i arealkategoriar under 50 daa.

5.6 Produksjonsomfang

Tal på husdyr ved ulike tidspunkt:

Dyreslag	1969	1979	1989	1999	2008
Hest	100	60	36	55	38
Storfe i alt	1 378	1 844	1 759	1 938	1917
Av disse mjølkekyr	675	859	751	750	707
Sau, vinterføra i avl	2 863	2 029	2 695	2782	1903
Gris i alt	496	253	245	146	2
Av disse avlsdyr	52	47	25	1	0
Høns	2 254	13 422	11 739	10 655	10804
Pelsdyr	13 114	4 768	3 489	208	185

Tabell 6, Kilde: Landbrukstellingane 1969, 1979, 1989 og 1999. produksjonstillegg juli 2008

Tabellen på storfe syner at sjølv om antal bruk har gått ned har antal storfe vore stabilt. Antal sau har hatt ein dramatisk reduksjon. Fjørfe og pelsdyr har ikkje hatt endring dei siste åra. Det er i denne forbindelse viktig å vere klar over at Husdyrhald med store rovviltskader kan søke om forebyggjande tiltak mot rovdyrskader.

Tal på buskapar ved ulike tidspunkt:

Dyreslag	1969	1979	1989	1999	2008
Hest	80	32	21	25	22
Storfe	-	123	88	73	53
Av disse mjølkekyr	169	101	76	63	39
Sau, vinterføra i avl	188	105	79	63	34
Gris i alt	172	33	4	2	1/0
Av disse avlsdyr	-	-	2	1	
Høns i alt	66	21	6	7	3/1
Med minst 1000 høns	0	1	1	1	
Pelsdyr	13	10	14	2	1

Tabell 7, Kilde: Landbrukstellingane 1969, 1979, 1989 og 1999. produksjonstillegg juli 2008

Talet på buskapar har i samsvar med endra bruksstruktur blitt redusert i heile perioden.

Revidert handlingsplan for landbruket i Gol 2010

Tal på mjølkeprodusentar og samla kvote i kommunen frå innføring av ordninga med mjølkekvoteomsetning 01.01.1997:

	1997	1998	1999	2000	2001	2002
Tal produsentar	70	67	63	59	58	57
Samla kvote (l)	4.430.707	4.352.683	4.172.963	3.889.949	3.875.419	3.973.445
Snittkvote pr bruk	63.296	64.965	66.238	65.931	66.817	69.710
	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Tal produsentar	56	49	47	46	44	39
Samla kvote (l)	4.120.186	4.040.829	4.034.265	4.122.967	4.291.540	4.812.155
Snittkvote pr bruk	73.575	82.465	85.835	89.629	97.535	123.389

Tabell 8, Kilde: Landbrukskontoret i Gol. frå 2004 er det kome inn 3 samdrifter med til saman ca 10 enkeltbruk.

Tabellen ovanfor syner at i løpet av dei siste 10 åra har den gjennomsnittleg mjølkeproduksjonen pr. bruk auka frå om lag 65.000 liter til om lag 123.000 liter

5.7 Sysselsetting

Folke- og bustadteljinga i 1980, 1990 og 2001 syner følgjande utvikling i talet på sysselsette i jord- og skogbruket i Gol:

År	Sysselsette ²
1980	334
1990	229
2001	148

Tabell 9, Kilde: Folke- og bustadteljinga i 1980, 1990 og 2001, det finns ikkje nyare statistikk

I løpet av dei siste 20 åra har talet på sysselsette innan jord- og skogbruk blitt redusert med over 50 prosent.

Tabellen nedanfor syner utviklinga over tal på søkjarar om produksjonstilskot (alle produksjonar) dei siste 18 åra:

Dato og år	Antal
31.07.90	190
31.07.95	167
31.07.99	165
31.07.02	146
31.07.05	131
31.07.08	120

Tabell 10, Kilde: Landbrukskontoret i Gol

² I tabell 9 er yrkesaktive personar over 16 år som er sysselsette minst 100 timar i året innan jord- og skogbruk.

5.8 Økonomi – verdiskaping

Landbruket er viktig for verdiskapinga i kommunen noko tabell 8 nedanfor syner. Landbruket har ringverknader for mange næringar. Døme på dette er delar av reiselivet, handverk og foredlingsindustrien. Sjølve ringverknadane er vanskeleg å fastslå, men for ein reiselivskommune som Gol utgjør dei årleg store summer.

Produksjon	Dekar eller tal dyr	Årsverk, 1875 t/årsverk	I. handsverdi inkl. produksjonstillegg, mill. kr.
Mjølkekyr	719 stk	84,5	48,1
Vinterfora sau	2.390 stk	21,7	9,8
Storfe	1.179 stk	18,2	10,6
Høner	10.720 stk	2,7	3,6
Sal av høy og surfør	2.321 da	4,2	6,8
Ammekyr	122 stk	2,5	1,4
Ammegeit	226 stk	2,4	1,6
Blå og sølvrevtisper	166 stk	1,5	0,4
Hestar	43 stk	2,2	0,2
Potet	11 da	0,2	0,1
Totalt, avrunda		140,0	83,0

Tabell 11, Kjelde: Buskerud Bondelag, 2009.

Av dei 83 mill kronene utgjør overføringane (statlege produksjonstilskot og distriktstilskot frå samvirkeorganisasjonane) om lag 19,4 millionar kroner. Produksjonstilskotet er ein del av bonden si inntekt og skal medverke til at dei landbrukspolitiske måla blir nådd.

5.9 Skogen i Gol

I følgje økonomisk kartverk fordelar skogsarealet seg med 189.050 daa. produktiv skog og 148.230 daa. anna skogsareal, til saman 337.280 daa.

Det er registrert 439 skogeigedomar i kommunen. Dei fleste av desse er gardsskogar og dei er ofte spreidd på fleire teigar. Gjennomsnittstorleiken for skogeigedomane i Gol er 417 daa. Landsgjennomsnittet for gardsskogar er om lag 300 daa. Skogeigarane er i hovudsak organisert i Hallingdal skogeigarlag og tilhøyrer Viken Skogeierforening.

I 1992 vart det gjennomført ein områdetakst som omfatta omlag 225 000 daa. av skogarealet i kommunen, og der omlag 183 000 daa. vart klassifisert som produktiv skogsmark. Bonitet er eit uttrykk for markas produksjonsevne. Områdetaksten på det produktive skogarealet viste at 12 % av skogarealet har høg bonitet, 43 % har middels bonitet og 45 % har låg bonitet. Gran dekker om lag 50 % av skogvolumet, furu 47 % og lauvskogen 3 %. I Gol var 47 % av skogen hogstmoden for 10 år sidan.

Årleg tilvekst vart rekna ut til 39 435 m³ for heile kommunen. På grunn av stor overvekt av eldre skog er balansekvantumet i fyrste 10 års periode berekna til 43 939 m³ pr år. Om lag 156 000 daa (51 %) av skogarealet er verneskog. Av dette er ca 26 000 daa (9 %) produktiv skogsmark. Ein syner til vedlagt oversiktsplan for skogbruket i Gol frå 1997 for fleire opplysningar. Det vert arbeida med ny skogbruksplan og ny skogtaksering (lasertakst). Dette skal vera utført i 2010 – 2011 og det vil foreligge ny skogbruksplan og oppdaterte tal etter dette.



6. Næringsutvikling

6.1 Jordbruk

6.1.1 *Produsentmiljø*

Utviklinga dei siste 30 åra syner tydeleg endring i bruksstrukturen. Talet på gardbrukarar er blitt færre, men det er auke i driftsstorleik både når det gjeld jordbruksareal og dyretal innan mjølk- og kjøtproduksjon.

Det er mange teikn som tyder på at sentraliseringa vil fortsette i framtida. Me ser ei todeling mellom satsing på store enkeltbruk og etablering av samdrifter. Men det er framleis ei overvekt av bruk rundt gjennomsnittstorleiken for kommunen. Kampen om arbeidskraft og rekruttering blir dermed ein av landbruksnæringa sine største utfordringar. På bakgrunn av dette er det avgjerande at ein klarer å behalde eit aktivt og stabilt produsentmiljø som gjev både nye og etablerte gardbrukarar eit sosialt og attraktivt fagmiljø. Det er også viktig at landbruket tek forbrukaromsyn i høve til å kunne dokumentere dyrevelferd og produksjon av rein mat.

Det er ei nasjonal målsetting å produsere sunn mat av høg kvalitet. Kvalitetssikringssystemet i landbruket (KSL) skal sikre at norske matvarer vert produsert på ein miljø- og

kulturlandskapsvenleg måte. Gjennom KSL-systemet vert det årleg gjennomført ein sjekkrapport i høve til spørsmål om erosjon, jordpakking, avfallshandsaming, punktutslipp, lagring av driftsmidlar, energibruk m.m. på gardsbruka. Det er viktig at næringa følgjer opp KSL-systemet sine målsetjingar slik at ein kan styrkje forbrukarane sin tillit til norskproduserte matvarer.

Lokale og regionale fagmiljø som t.d. Norsk landbruksrådgiving østafjells, Felleskjøpet Agri, Nortura, Tine, Mattilsynet og Ål V.G.S avd. Lien landbruksskule er i så måte viktige kompetansemiljø for å sikre stabilitet og utvikling i næringa.

Det er ei målsetjing i dagens landbrukspolitikk å auke mangfaldet i norsk matproduksjon. Ein føresetnad for å kunne lukkast med dette er at ein gjennom felles arbeid og på tvers med andre næringar kan få etablert gründer ånd på området. Deretter ligg det utfordring i å marknadsføre produkta.

Ved å nytte Innovasjon Norge og Bu midlar kan ein få tilskot og rentestøtte til rentekostnader på lån til nybygg og modernisering/utbygging av driftsbygningar på gardsbruka.

Tiltak:

- ✓ Aktiv marknadsføring og bruk av Innovasjon Norge og BU- ordningane til utvikling av landbruk.
- ✓ Arbeide aktivt for å behalde og utvikle lokale fagmiljø og legge til rette for kompetanseheving for gardbrukarane.
- ✓ Stimulere til aktivt KSL-arbeid.

6.2 Samarbeidstiltak i landbruket

Det er eit stadig sterkare krav om effektiv og rasjonell drift i landbruket. Samarbeidstiltak innan mjølk- og kjøttproduksjon kan vere med å redusere investerings- og driftskostnadane på gardsbruka. Det same gjeld samarbeid om maskinutstyr, avløysar og driftsbygningar.

Organisasjonane tilknytta landbrukets fagsenter er ein god støttespelar for landbruket i Hallingdal. Dei legg til rette for og hjelpe til med ulike typar samdriftsetableringar i heile Hallingdal. Dette er eit viktig tilbod for å kunne motivere og gje fagleg støtte til dei bøndene som ynskjer å etablere framtidsetta samarbeidsformer. Norsk landbruksrådgiving er elles ein viktig og naudsynt rådgjevingsorgan innan planteproduksjon, driftsøkonomi, nyforsøk, økologisk landbruk, utarbeiding av miljøplanar og ulike kulturlandskapstiltak.

Tiltak:

- ✓ Sikre rådgjevingstilbod til samarbeidstiltak innan mjølk og kjøt, maskin og avløysar samarbeid mm.
- ✓ Styrke stønad og utvide samarbeidet med Norsk landbruksrådgiving østafjells.
- ✓ Tilskot til fjellveggar/stølsveggar i kommunen.

6.3 Beitebruk

Av eit samla areal i kommunen på 530 km² ligg 213 km² over 900 moh. Mykje av det høgtliggjande arealet består av djupe, næringsrike jordartar som gjev grunnlag for store grasavlingar. Dette har gjort til at fjellområda i Gol over lang tid har vore ein sentral utviklingsaktør for å sikre tilgang på fôr og beite til husdyrhaldet. God tilgang på fôr og beiteareal har vore ein avgjerande faktor for at det i lengre tid har vore aktiv stølsdrift i kommunen.

Det vart gjennomført Landskapsanalyse med forslag på tiltak for landskapspleie og områdeutvikling (Aurland naturverkstad, Morten Clemetsen, 2001) og vegetasjon og beitekartlegging (Nijos-rapport, Yngve Rekdal, 3/01), i 2001. Desse rapportane gjev tilgang på opplysningar om landskapspleie, områdeutvikling og vegetasjons og beite kartlegging for Golsfjellet. Rapportane gjev særskilte viktige arealopplysningar som kan sikre fornuftig bruk av utmarksressursane i framtida. Rapportane bør derfor nyttast aktivt i ei framtidig forvaltning av Golsfjellet.

Bruk av både innmarksbeite og utmarksbeita er særskilt viktig for å oppretthalde kulturlandskapet. Gjennom aktiv stølsdrift sikrar ein både bruk av beita og opplevingstilbod for turistar. Tilfredstillande vegnett i stølsområda er viktig for å kunne oppretthalde eit variert kulturlandskap med stølsdrift og beitedyr som sentrale element.

Utviklinga over tid har gjeve nedgang i talet på beitedyr. Dette har gjort at kulturlandskapet gror att og at det er ei utfordring å oppretthalde eit variert miljø og kulturlandskap i framtida. Fylkesmannen i Buskerud forvaltar imidlertid ei ordning om investeringstøtte til organisert beitebruk som skal motverke nedgangen i antal beitedyr.

Utleige av fritidshytter og sal av hyttetomter har blitt ein stor ressurs for landbruksnæringa. Framtidig arealbruk i høve til tilrettelegging for ny hyttebygging krev at ein m.a. tek omsyn til miljø-, kultur- og landbruksmessige element i planlegginga.

Beitebruk og gjerdehald er spørsmål som ofte medfører store konflikhtar mellom hytte- og dyreeigar. Slike konflikhtar skaper store problem og er til skade for landbruksnæringa sitt omdøme. Det bør fokuserast på gjerding for å unngå konflikt. Gjerder skal vere i forskriftsmessig stand eller fjernast. Både landbrukskontor og faglag bør vere ein pådrivar i dette arbeidet.

Det er viktigare at gjerdene vert halde vedlike og i god stand i staden for piggrådforbod.

I rovviltmeldinga er det slege fast at Noreg skal ha levedyktige bestandar av gaupe, jerv, bjørn og ulv. Gaupa utgjer det klart største trugsmålet mot beitedyra i kommunen.

Forvaltningsplan for rovvilt i region 2 (Buskerud, Vestfold og Telemark og Aust-Agder) viser til eit nasjonalt bestandsmål på 12 årlege ynglingar av gaupe i regionen.


Husdyreigarar med store tap grunna rovvilt må oppmodast til å søke førebyggjande tiltak mot rovdyrskader.

6.4 Beitekrav 2013

Dyra skal som ein hovudregel sikrast fri bevegelse og mosjon ute på beite i minst 8 veker i løpet av sommaren. Unntaksvis kan det nyttast luftegard. For storfe i lausdrift har det ikkje vore krav om mosjon og beiting tidlegare, sidan dyra har fått bevege seg fritt inne. Denne "dispensasjonen blir det slutt på frå og med 1. januar 2013. Då skal også alle dyr frå lausdriftsfjøs ut i minst 8 veker. Berre for hanndyr eldre enn 6 månader er det gjort unntak frå regelen.

Tiltak:

- ✓ Utarbeide beitebruksplan for kommunen
- ✓ Bruke vegetasjonskartlegginga for Golsfjellet aktivt i forvaltninga.
- ✓ Stimulere til bortleige av beiter som ikkje er i bruk.
- ✓ Stimulere til meir bruk av beitedyr.
- ✓ Arbeide for å halde gjerdene i forskriftsmessig stand både på inn og utmark. Opprydding av gammalt gjerdemateriell ol kan stimulerast gjennom for eksempel SMIL- midlar.
- ✓ Ved areal- og reguleringsplanlegging ta omsyn til beiterettar og beitebruk, og ikkje bygge ut gode beiteområde. Legge til rette for felles gjerdehald.
- ✓ Rovdyrbestanden i kommunen skal haldast på eit minimumsnivå innanfor norsk lov.
- ✓ Stimulere tiltak som løyser beitekravet for dyr i lausdrift i 2013. Desse bør prioriterast i for eksempel BU saker ol.



6.5 Jakt- og fiske

Utmarka består i hovudsak av skogareal, utmarksbeite, høgfjell, myr og vatn. Desse areala utgjer om lag 95 prosent av kommunen sitt totale areal og er såleis sær store og viktige ressursar for landbruksnæringa.

Forutan skogsdrift har jakt og fiske tradisjonelt vore rekna som dei viktigaste utmarksressursane. Storviltjakta i Gol omfattar hovudsakleg elg, hjort og rådyr i prioritert rekkefølge. Av småvilt er hare, orrfugl og rype dei viktigaste jaktartane. Utmarksareala har elles stor verdi i høve til å gje opplevingar og rekreasjon både for turistar og fastbuande.

Det ligg store utfordringar i å kunne nytte utmarka meir aktivt enn i dag slik at det økonomiske utbytte blir større for grunneigarane.

Hallingdalselva, Tisleifjorden og fleire småvatn kring om i kommunen har gode fiskekvalitetar. I tillegg finst her småvatn som ressursmessig kunne vore nytta betre dersom det hadde vore gjennomført aktivt kultiveringsarbeid.

Tiltak:

- ✓ Utarbeide driftsplanar for vilt og fisk.
- ✓ Nytte seg av utvida jakttid for å oppfylle driftsplan.
- ✓ Sikre ein viltbestand som er tilpassa beitegrunnlaget gjennom beitetakseringa.
- ✓ Sikre at jaktkvotene vert oppfylt i størst mogleg grad av alle som jaktar.
- ✓ Auka fokus på forvaltning av hjort.
- ✓ Legge til rette for kultivering av fiskevatn.



6.6 Skogbruk

6.6.1 Hovudtrekk frå oversiktsplanen

I oversiktsplanen for skogbruket i Gol vert det rekna som forsvarleg å ta ut eit årleg nyttbart balansekvantum/ hogstkvantum på om lag 40.000 m³. Dei siste 5 åra har avverkinga av tømmer for sal vore omlag 30.000 m³ pr. Ei auke opp til ynskjeleg balansekvantum bør koma frå auka volum frå tynning eller meir hogst av overmoden skog.

Dei viktigaste grunnane til den årlege variasjonen i avverkinga av tømmer har vore stormfelling og varierende prisar. Prisdanninga for tømmer skjer i hovudsak på grunnlag av den internasjonale marknadssituasjonen for treprodukt. Dette gjer til at avverkinga er nær knytt opp til marknadstilhøva for skogsprodukt. Aktiv fleirbruk av skogen og utmarksnæringar vil såleis vere viktig for å nytte skogressursane uavhengig av prisnivået på tømmer. Bærekraftig utnyttig av skogressursane er avhengig av at m.a. skogkulturarbeidet vert tilstrekkeleg prioritert.

Utbygging av vegnettet er ein føresetnad for å utnytte skogareala. Saman med ei lang rekke gards- og stølsvegar er skogsvegdekninga i kommunen totalt sett bra. Med unntak av nokre mindre anlegg, er det relativt lite behov for nye bilvegar. Det vil her i hovudsak vere behov for ombygging og opprusting av eldre vegar som ikkje tilfredsstiller dagens krav til tømmertransport.

Konkrete tal for utfordringar og mål for skogbruket i Gol:

Tiltak	Planting (stk)	Ungskogpleie (daa/år)	Tynning (m ³ /år)	Markberedning (daa/år)
Antal	150 000	1500	3000	600

6.6.2 Skogens mange roller

Skogen har mange roller bla. som bidragsytar i CO₂ reknskapet, rekreasjonsområde, turstigar, opplevsar, biologisk mangfald osv. Ved auka fokus på bioenergi og klima har skogbruket fått ein ny marknad for skogressursane sine og moglegheit for auka sysselsetjing.

Vedkomande miljø er skogbruket viktig med tanke på:

- Klimanøytral energi.
- Klimanøytralt byggeråstoff.
- Aktiv CO₂ binding.

Alternative bioenergikjelder.

Følgjande står i Soria Moria erklæringa:

"Regjeringa har ein visjon om at Norge skal vera ein miljøvenleg energinasjon og vera leiande i verda innanfor utviklinga av miljøvenleg energi."

Blant dei overordna målsetjingane i den norske energipolitikken er det mellom anna eit mål å bli mindre avhengig av elektrisitet. Det er også eit mål å bruke meir lokale fornybare energikjelder til oppvarming som t.d. bioenergi. I tillegg har Norge gjennom Kyoto avtala gjort seg forplikta til å redusere utsleppa av gassen CO₂.

Skogens rolle som CO₂ bindar:

Produksjon av ein m³ tømmer bind opp ca. 1 tonn CO₂. Legg vi dette til grunn kan vi seie at årleg tilvekst i skogen i Gol har eit CO₂ opptak i størrelsesorden 40 000 tonn.

Bioenergi har fleire positive energi og miljøpolitiske sider:

- **Miljøvenleg:**
 - o Ved at den miljøvenlege elektrisiteten som blir produsert i t.d. Hallingdal kan brukas andre stader, og dermed redusere utslepp frå andre mindre miljøvenlege elektrisitetsprodukt som kraftverk basert på kol og olje. Eit anna godt eksempel frå Hallingdal er at det i Kleivi er funne bruk for dei 25 millionar kWh som kvart år har vorte slept ut til kråkene frå forbrenningsanlegget i Kleivi.
- **Verdiskaping og sysselsetjing:**
 - o Skogeigarane har fått ny marknad for ressursane sine, og det gir auka moglegheit for sysselsetjing.
- **Energifleksibilitet:**
 - o Det er viktig for energinasjonen Noreg at energisystemet vert meir fleksibelt, at vi ikkje vert så avhengige av straum, og at vasskrafta vår vert nytta der det verkeleg trengs. T.d. ikkje til oppvarming der det greitt kan nyttast anna type energi. Ved ei omlegging til å nytte anna energi til oppvarming er potensialet stort. Til oppvarming av to bustadar på 150 m² kvar trengs det 36 000 kWh. Dette tilsvarar ca. 20 m³ virke som er den årlege tilveksten på eit 100 daa stort skogfelt av middels bonitet. Alternativt tilsvarar det 2500 liter biodiesel, som svarar til ei køyrelengde på 50 000 km/år.

Vi må få auka fokus på miljøvenleg energi.

Det har i den seinare tid kome opp fleire alternativ til bioenergianlegg. Eksempelvis flisfyringsanlegg som krev vassboren varme, vindmøller, mikrokraftverk og pelletsfabrikkar. Vi treng satsing og utvikling av alternativ energi. Skogbruket treng alternativ avsetning for mindreverdige virke. Dette er også positivt for foredlingsbedriftene. Bioenergi gir lite forureining, og Hallingdal bør ha store moglegheiter med tanke på bustadfeltutbygging, hyttebygging, nyutvikling innan kommunesentra og utbygging av større enkeltprosjekt. Det bør stillast krav til bruk av alternative energikjelder i nye reguleringsplanar som vert vedteke i Gol kommune, og kommunen bør og vurdere å gje ei innføring i dette til husbyggjarar når dei søker om byggeløyve. Auka rydding og pleie av kulturlandskapet gir i neste omgang masse til bioenergi.

Det er moegeleg å få tilskot til å etablere bioenergianlegg i større og mindre målestokk. Dette er organisert gjennom Enova SSF og "Bioenergiprogrammet" til Innovasjon Noreg.

Tiltak:

- ✓ Stimulere til auka avverking i område med gamal skog.
- ✓ Stimulere til planting og ungskogpleie for å sikre framtidig kvalitetsvirke gjennom avstning av minst 15% til skogfond.
- ✓ Stimulere til auka produksjon av juletre og pyntegrønt på ikkje attraktive jorbruksareal.
- ✓ Legge til rette for nybygging, opprusting og vedlikehald av eksisterande skogsvegar.
- ✓ Det bør stillast krav til miljøvenleg energibruk i prosjekt som er eigna for dette.
- ✓ Tilskot til etablering av bioenergianlegg må marknadsførast for å auke etableringa av slike anlegg.
- ✓ Stimulere til utvikling av fleire samarbeidstiltak der bonden leverer biovarme til forbrukaren.

6.7 Tilleggsnæringar

6.7.1 Reiseliv og gardsturisme

I stortingsmelding nr. 19 (1999-2000) "Om norsk landbruk og matproduksjon" vert det lagt vekt på at ein med utgangspunkt i næringa sine samla ressursar også skal produsere andre varer og tenester enn tradisjonelle landbruksprodukt. Føresetnaden for å skape alternative produkt og verksemder er at ein nyttar både dei naturmessige- og dei menneskelege ressursane på gardsbruka. Gjennom Innovasjon Norge og Bu stønad kan ein få tilskot og rentestøtte til rentekostnader på lån til planlegging og etablering av ulike tilleggsnæringar på gardsbruka.

Når planen vart utarbeida fyrste gong i 2000 låg det ved ei spørjeundersøking. Den synte lita lønsemd i næringa er den viktigast årsaka til at gardsbruk ikkje vert driven av eigaren. Tilleggsnæringar som hytteutleige, gardsturisme og nisjeproduksjon vart teke fram som døme på ressursar og produkt som kan utviklast for å styrke lønsemda. Innovasjon Norge sitt verdiskapingsprogram for mat og skog har som hovudmålsetjing å etablere prosjekt som skal styrke matvare- og skogbruksprodusentane sin posisjon ved å utvikle spesialitetar, betre lønsemda og opne for nye marknader.

Gol er ein stor turist- og hyttekommune som er avhengig av å ha eit aktivt landbruk både i høve til å kunne tilby aktivitetar og naturopplevingar som skiløyper, stølsdrift og eit variert

kulturlandskap. Masterplanen for Golsfjellet har som visjon at reiselivet og landbruket i området skal utviklast ved gjensidig samarbeid om fjellet sine ressursar. Det vert særskilt lagt vekt på at det tradisjonelle stølslivet skal gje grunnlag for eit heilskapleg turist- og opplevingstilbod. Dette er samanfallande med kommuneplanen sin målsetjing om å styrke samarbeidet mellom reiselivet og landbruksnæringa til beste for begge partar.

Tiltak:

- ✓ Aktiv marknadsføring og bruk av BU og innovasjon Norge -ordningane til utvikling av tilleggsnæringar.
- ✓ Gjennom kommune- og reguleringsplanlegging legge til rette for bygging av utleigeeiningar.
- ✓ Gjennom kommune- og reguleringsplanlegging legge til rette for å finansiere hyttebygging ved sal av tomter i samsvar med godkjend plan.
- ✓ Etablere samarbeid mellom landbruk og reiseliv om bygdeturisme
- ✓ Stimulere til kompetansebygging på lokal foredling.
- ✓ Markedsføre lokalt landbruk og reiseliv gjennom kulturstreif Hallingdal.

6.7.2 Andre tilleggsnæringar

Etablering av alternative inntektskjelder er avhengig av at forbrukarane etterspør dei aktuelle varene og produkta slik at ein kan skape lønnsam næringsutvikling. I Gol og Hallingdal er næringslivet sær avhengig av turismen, og det er derfor avgjerande både for landbruk og næringslivet at ein samarbeidar om alt frå ide til produktutvikling, marknadsføring og sal av ulike varer og tenester.

Landbruket har naturlege føresetnader for å auke livskvaliteten for mange menneske. ”inn-på-tunet” er eit samleomgrep for tilrettelagde tilbod frå gardbrukarar som ynskjer å nytte gardsbruket sitt i aktivt arbeid for barn, unge og vaksne med særskilte behov. Etablering av slike tilbod i samarbeid med sosiale myndigheiter vil vere ei moglege tilleggsnæring for dei som er interessert i det.

6.7.3 Tomme driftsbygningar

Tomme driftsbygningar pga færre gardsbruk i drift og fleire samdriftetableringar er ei aukande utfordring i landbruket. Gol skal vere eit levande bygdesamfunn. Det bør derfor leggest til rette for alternativ aktivitet i tomme driftsbygningar for å hindre at bygningane forfell, og å halde oppe aktiviteten i grendene. Intensjonen er å ta vare på bygningane på lang sikt. Særpreget til bygningane må takast vare på og bygningane skal framstå som eit naturleg element i gardstunet.

”Det er to sider ved en bygning; bruken og skjønnheten. Bruken tilhører eieren, skjønnheten hele verden.”Victor Hugo, fransk forfatter 1802-85

Tomme driftsbygningar bør tillatast nytta til alternativ næringsverksemd der tilhøva ligg til rette for det.

Eksempel på alternative bruksområde kan vere: festlokal, forsamlingslokale, serveringsstad, kunstgalleri, kurs og konferansesenter, gartneri, gardsbutikk med utsal med eigne eller lokale produkt, landbruksverkstad, snekkerverkstad, inn på tunet verksemd, foredlingsbedrift som t.d. slakteri, ysteri og bakeri, butikk, lager, garasje, kontor motell, utleige verksemd og kommersiell overnatting m.m.

Tiltak:

- ✓ Vidareutvikle tilbod om "Inn på tunet"
- ✓ Energiutnytting ved biobrensel.
- ✓ Stimulere til kreative forretningsidear basert på gardens ressursar.
- ✓ Stimulere til vedlikehald og aktivitet i eldre driftsbygningar slik at dei vert teke vare på og ikkje ståande tomme og forfell.

7. Kulturlandskap, miljø og naturvern

7.1 Landbruk og kulturlandskap


Kulturlandskapet blir forma i samspel mellom naturkraftene og menneska sin aktivitet. Ein av dei viktige samfunnsfunksjonane til landbruket, er å forvalte landareala for folk. Eit aktivt landbruk tek vare på eit levande kulturlandskap som sikrar og held vedlike kulturminne, biologisk mangfald, landskapsbilete og rekreasjonsmoglegheiter.

Det er viktig å vere merksam på at eit levande og variert kulturlandskap har verdiar og miljøgode som ikkje kan omsettast i nokon marknad, men som utvilsamt er ein attraksjon både for dei lokale innbyggjarane og tilreisande turistar. Gjennom stirydding, skilting og oppsett av informasjonstavler kan ein aktivt legge til rette for ulike rekreasjonsopplevingar i naturen.

Finansieringsordninga "spesielle miljøtiltak i jordbruket" (SMIL-midlar) skal m.a. stimulere til vedlikehald av gamle bygningar, beiteområde og slåttevollar. Tilskot kan gjevast til føretak eller eigarar som driv og/eller eig ein landbrukseigedom. Smil kan også søkast av dei som ikkje har landbrukseigedom. Gol er ein av dei kommunane i Buskerud som har nytta ordninga mest, noko som er særst positivt i høve til at ein då tek vare på og nyttar viktige kulturverdiar på gardsbruka. Smil-midlar skal ved avgrensa tilgang prioriterast til aktive landbrukseigedommar med jordbruksdrift.

Tiltak:

- ✓ Aktiv markedsføring av SMIL-ordninga.
- ✓ Utføre tilretteleggingsarbeid som stirydding, skilting m.m. retta mot auka rekreasjonsopplevingar i naturen.



7.2 Biologisk mangfald

Biologisk mangfald omfattar variasjon i naturtypar, økosystem og dei økologiske prosessane i desse. Det omfattar vidare artsmangfald av planter, dyr og mikroorganismar samt den arvemessige variasjonen innan plante- og dyreartane. Noreg har forplikta seg til å stoppe tapet av biologisk mangfald innan 2010. Verda sine viktigaste livnærande økosystem som hav, skog, jord og ferskvatn reduserast meir og meir som leveområde for planter og dyr. Mennesket sitt overforbruk av naturen er grunnlaget for denne uheldige utviklinga. Arealbruk, forureining og spreining av framande artar er viktige grunnar til tap av naturen sitt mangfald. I tillegg vert det biologiske mangfaldet trua av klimaendringar. Konsekvensen er tap av artar i eit tempo som er meir enn 100-1000 gonger raskare enn naturleg. Forskarar har rekna ut at rundt 18000 artar, store og små forsvinn frå kloden kvart år. I Noreg står nesten 4000 artar på den såkalla raudelista over sårbare og trua artar. Mange av dagens trua artar er avhengige av tradisjonell landbruksdrift for at økosystema dei lever i skal fungere.

I 1990 åra vart det gjennomført nasjonale registreringar av verdifulle kulturlandskap i Buskerud. I desse registreringane vart Golreppen plukka ut til å ha høg botanisk og kulturhistorisk verdi av *lokal* karakter i kulturlandskapsamheng. Kastet grenda som ligg delvis i Gol og delvis i Nes har høg kulturhistorisk verdi og svært høg botanisk verdi på *regionalt* nivå. 10 år etter, gjennomførte Fylkesmannens landbruks og næringsavdeling saman med Buskerud fylkeskommune befaring av dei same områda. Dei konkluderte med at Kastet har negativ utvikling med tanke på attgroing medan Golreppen var uendra. I Kastet vil det vere aktuelt å rydde kratt, slå tuna og nytte areala til beiting ol for å endre utviklinga i positiv retning.

I 2003 vart eit regionalt prosjekt om kartlegging av det biologiske mangfaldet i Hallingdal avslutta. Viktige lokalitetar og område i kommunen er i den samheng registrert og kartfesta. Desse miljøverdiane må det takast omsyn til ved framtidig planlegging og utnytting av naturressursane.

I Gol kommune vart det totalt registrert 66 lokalitetar fordelt på 12 naturtypar i ferskvatn/våtmark, fjell, kulturlandskap, myr, rasmark og skog. Under arbeidet vart det prioritert ein kartlegging av kulturlandskapet.

Av dei registrerte lokalitetane er 15 områder klassifisert som svært viktige, dvs. viktige på nasjonalt nivå. 49 lokalitetar er klassifisert som viktige områder, dvs viktige på regionalt nivå. Den tredje gruppa er ei registrering av lokalitetar som er viktige for Hallingdal. Metubba og Lyseren naturreservat er teke med i desse registreringane. Registreringane er tilgjengelege hjå næringsavdelinga i kommunen og hjå Norsk landbruksrådgiving Østafjells på Gol.

I tillegg har Gol kommune av Miljøverndepartementet fått eit nasjonalt ansvar for å ta vare på Frygisk slørsopp. Den har ein av to førekomstar ved Mobekken i Gol og er på Raudlista registrert som sterkt trua.

I produktiv skog er det gjennomført MIS-kartlegging.

Tiltak:

- ✓ Unngå inngrep i kantsoner og andre sårbare områder.
- ✓ Informere om tilskotsordningar innan biologisk mangfald.
- ✓ Gjere materialet om kartlegging av biologisk mangfald i Gol og Hallingdal lett tilgjengeleg for alle.
- ✓ Motivere for tiltak som tek vare på registrerte områder av lokal og regional kulturhistorisk og botanisk verdi.

7.3 Stølsdrift

Stølsdrifta har alltid utgjort ein sentral del av landbruket i Gol. Naturgrunnlaget i bygda med mangel på beiteområde og dyrka mark gjorde til at ein måtte nytte fjellområda for å sikre nok førtilgang til husdyra gjennom året. Tradisjon kombinert med bra utbygd vegnett og god tilgang på beite har gjort til at det framleis er aktivt stølsmiljø i delar av kommunen. I 2008 var det 29 bruk med aktiv stølsdrift med mjølkeproduksjon i Gol kommune.

Aktiv stølsdrift med husdyr sikrar bruk av stølsbygningane og beiteareala i utmarka, noko som er viktig for å hindre forfall av bygningar og attgroing av kulturlandskapet. Landbruket sitt levande og varierte kulturlandskap har verdiar og miljøgoder som er viktige både for lokale innbyggjarar og tilreisande turistar. Dette jordbrukslandskapet har høg marknadsverdi i næringsutviklings- og turistsamanheng, og det kan ikkje oppretthaldast utan det aktive landbruket. Masterplan for Golsfjellet er eit døme på at både grunneigarane og turistbedriftene ser gjensidig nytte av å ha aktivt landbruk og støsliv i område.

I ein stor turistkommune som Gol bør stølsdrift kombinert med sal av ulike pakkeløysingar kunne vere med å styrke inntektsgrunnlaget på gardsbruka. I tillegg er det ein god måte å marknadsføre næringa på ved at ein gjev turistar innblikk i historisk og tradisjonell landbruksdrift. Samarbeid om produktutvikling og marknadsføring mellom grunneigarar og turistbedrifter er viktig for å nå fram til ei størst mogleg målgruppe til beste for begge partar.

Tiltak:

- ✓ Stimulere til tradisjonell stølsdrift.
- ✓ Stimulere til beiting av utmark og udyrka stølsvollar, slått av dyrka stølsvollar, og bruk av stølsbygningar.
- ✓ Samarbeide om markedsføringstiltak og turistretta produktutvikling frå landbruk og reiseliv.
- ✓ Stimulere til prosjekt som for eksempel Lauvsjøstølen og der tradisjonelt landbruk kan nyttast som utstillingsvindaug mot forbrukarane.

7.4 Økologisk landbruk

Regjeringa har som mål at 15 prosent av matproduksjon og matforbruket i 2015 skal være økologisk. Vidare seier Regjeringserklæringa at Noreg heng etter andre land når det gjeld tilgjengelegheit til økologiske varer overfor forbrukar, og at regjeringa vil styrke dette området. Ved utgangen av 2007 var 4,7 prosent av totalt jordbruksareal i Noreg i økologisk drift. Den største utfordringa innan økologisk landbruk er å få fleire bønder til å legge om til økologisk produksjon. Mykje av grasarealet i kommunen ligg i fjellet. Strukturendringane i landbruket dei siste åra og flytting av driftsforma frå utmarksbeite til innmark har gjort at det er større rift om det lett drivne arealet. Begge faktorane gjer det vanskelegare å drive økologisk sidan det ofte krev noko større areal til grasproduksjon. Mange eldre driftsbygningar tilfredstiller heller ikkje hald forskriftene til oppstalling av økologiske husdyr.

Med auka økologisk produksjon vil tilgangen på råvarer bli betre og meir forutsigbar. Etterspørselen er allereie i 2009 større enn tilbodet. Auka råvaretilgang og større produksjonsvolum vil bidra til å senke prisnivået på økologisk mat.

Med bakgrunn i eksisterande landbruksproduksjon i Gol er det fyrst og fremst omlegging til økologisk husdyrproduksjon som er aktuelt. Det er god tilgang på beiteareal i kommunen. Husdyrgjødsel kombinert med bra lengde på vekstsesongen gjer til at omlegging til økologisk drift vert enklare.

I dag er 2807 daa (31/12-2008) fulldyrka areal økologisk eller i karens, og 50 mjølkekyr økologisk. Det er ingen økologiske sauer. Dette tilsvarar at om lag 18% av fulldyrka areal i Gol

Tiltak:

- ✓ Stimulere til økologisk drift ut frå miljø- og ressursomsyn.
- ✓ Stimulere til nisjeproduksjon av økologiske matvarer.
- ✓ Samarbeide med Norsk landbruksrådgiving Østafjells og andre fagorganisasjonar om informasjon og prosjekt som gjev auka kunnskap innan økologisk produksjon.
- ✓ Bättre omsetning av økologiske livdyr slik at økologiske dyr vert solgt til økologiske besetningar.
- ✓ Stimulere faglag og organisasjonar til å jobbe meir med økologisk.

7.5 Jordvern

Jordvern er sentralt i nasjonal samanheng. I følgje St. meld. Nr. 19 (1999-2000) Om norsk landbruk og matproduksjon, er eit restriktivt jordvern viktig.

Kun 3% av arealet i Noreg er dyrka, eller dyrkbar. Kun 1/3 del av dette igjen er egna til matkorndyrking. Det vert vurdert sterkare virkemiddel for å styrke jordvernet, og det er sett som ei målsetjing å halvere omdisponeringa av dyrka mark innan 2010. (Det vil seie ned til 5 700 daa i 2010). Vern av dyrka og dyrkbar mark er avgjerande for den nasjonale matforsyninga, men det handlar og om å ta ansvar for den langsiktige globale matvaresituasjonen og å kunne oppretthalde ei levedyktig regional landbruksnæring.

Lokalt er det særskilt områda i og kring sentrumskjerna og stølsvollane på Golsfjellet som er utsette for sterkt utbyggingspress i høve til sentrumsutvikling og hyttebygging. I kommuneplanen er det lagt vekt på at ein skal hindre nedbygging av produktive landbruksareal og område for vilt, fiske og truga artar når ikkje andre viktigare samfunnsinteresser tilseier at nedbygging er tilrådeleg. Ein ynskjer at hovudregelen skal vere at dyrka mark og beite må haldast i hevd som framtidig nyttbar ressurs for næringa.

Tiltak:

- ✓ Dyrka mark og beite må haldast i hevd som framtidig nyttbar ressurs for næringa.
- ✓ Dyrkbar mark må i størst mogleg grad takast vare på.
- ✓ Utbygging må skje via fortetting av eksisterande byggeområder.
- ✓ Unngå utbygging av hytter på stølsvollar og i opne stølslandskap.

7.6 Forureining

Samfunnet sitt krav til produktivitet har gjeve større driftseiningar med meir intensiv drift og høgare produksjon. Dette har medført utfordringar i høve til å kunne handtere auka mengde gjødsel, silo og pressaft og ulike avfallsmengder på ein forsvarleg måte.

Alle som søker om produksjonstilskot i landbruket må frå 2003 ha godkjende miljøplanar på gardsbruka sine. Føremålet med miljøplanen er å sikre miljøvenleg produksjon av norske matvarer. Miljøplanane inngår som ein del av KSL-systemet og sikrar kartlegging av ulike miljøverdiar og potensielle forureiningskjelder på alle gardsbruk. Norsk landbruksrådgiving er godkjende miljøplanrådgjevarar medan kommunen er godkjenningssmynde.

På slutten av 1980-talet vart det i Gol gjennomført ein omfattande kartlegging av kvart enkelt gardsbruk sine tekniske anlegg i høve til registrering av punktutsløpp og avrenning. Desse opplysningane er framleis relevante og kan nyttast som grunnlagsmateriale ved eventuell ny gjennomgang. Landbruksplast og spesialavfall er elles store potensielle forureiningskilder i landbruket. Det er viktig at den lokale miljøstasjonen legg til rette for mottak av slike produkt.

Kommunane er frå 2002 vorte tilsynsmynde på saker som omfattar silopressaft, husdyrgjødsel og bakkeplanering. Dei seinare åra har det vorte meir og meir vanleg med ulike talle løysingar til husdyr og utføring heile året. Ved slik drift skal omsyn til forureininga av drikkevasskjelder, vassdrag og vurderast nøye i høve til forureiningsproblematikk

Tiltak:

- ✓ Informere og veilede om miljøplanar.
- ✓ Arbeide for at all lagring av gjødsel og pressaft tilfredstillar dagens krav til lagring
- ✓ Kartleggje miljøtilstanden i vassdrag gjennom prøvetaking.
- ✓ Overhalde fristar for spreing av husdyrgjødsel, og tilstrebe spreing med best mogeleg utnytting i løpet av vekstsesongen.
- ✓ Tilrettelegging for mottak av plast og spesialavfall på miljøstasjonen.
- ✓ Opplyse og leggje til rette for gode løysingar for å redusere forureningsfaren ved utegangardyr.
- ✓ Lagring av store mengder rundball på same stad år etter år bør unngåast.

8. Busetnad og sysselsetjing

8.1 Bu - og driveplikt

Busetnad og drift er sjølve hovudgrunnlaget for bondeyrke. Bu - og driveplikt på landbrukseigedomar er ein personleg plikt for eigaren til å forvalte gardsbruket sine ressursar på ein drivverdig og framtidretta måte. Bu - og driveplikt er i så måte eit grunnleggjande prinsipp for å sikre busetnad og sysselsetjing i grendane.

Gol kommune har i lang tid hatt streng praktisering av bu - og driveplikta. Føremålet med dette er å sikre busetnad, eit fagleg og sosialt miljø og eit variert kulturlandskap i heile kommunen. Denne praksisen ynskjer ein å følgje aktivt opp når det gjeld buplikta. Særskilt gjeld dette for folk utanfor Gol som kjøper seg ein landbrukseigedom i kommunen. Når det gjeld driveplikta bør det leggast til rette for løysingar som har som hovudmål å sikre framtidig gode bruksløysingar på dei samla jordareala.

Erfaringar tilseier at sameige i landbrukseigedomar kan vere ein uheldig eigarkonstellasjon i høve til spørsmålet om buplikt og ansvar for drift, vedlikehald og nyinvesteringar på eigedomen. For å sikre ryddige tilhøve må ein legge til rette for ein tenleg eigar- og bruksstruktur.

Tiltak:

- ✓ Streng praktisering av den personlege buplikta.
- ✓ Stimulere til gode driftsløysingar som sikrar aktiv drift av jordareala.
- ✓ Arbeide for ein tenleg eigar- og bruksstruktur.

8.2 Tilrettelegging for busetnad

Om lag 40 prosent av innbyggjarane i Gol bur utanfor Gol tettstad. Spreidd busetnad er avgjerande for å oppretthalde grendane og det sosiale miljøet i landbruket. Grender med folk i alle aldrar og med ulike yrke og interesser er ofte attraktive bu områder for folk som ynskjer å busette seg utanfor sentrumskjerna. Eit levande bygdesamfunn er elles viktig for å stimulere dei unge til å overta og busette seg på gardsbruka. Gol kommune er med i prosjektet "Lys i alle glas", der målet er å auke busetnaden av tomme hus på gardsbruk gjennom bortleige og sal. Prosjektet har pr. dato registrert 42 tomme bustadhus på gardsbruk i Gol

Tilrettelegging for spreidd bustadbygging og omsetning av eksisterande bustad- og landbrukseigedomar i grendane er viktige virkemiddel for å kunne oppretthalde livskraftige bygdesamfunn. Konesjonskrav / arealgrense for konsesjonsfritt erverv er i dag sett til: Bebygd eigedom, ikkje over 100 daa, der ikkje meir enn 20 dekar av arealet er fulldyrka. I kommuneplansamanheng bør ein som eit virkemiddel også vurdere å legge til rette for bustadfelt i dei ulike grendene.

Kommunen har 0-konsesjonsgrense for bustader, dvs. at dei husa som har blitt nytta til fast busetnad eller har blitt bygd med det som føremål, skal nyttast til fast busetnad også i framtida. Vidareføring av innført 0-konsesjonsgrense er særskilt viktig for å hindre at mindre landbruks- og bustadeigedommar vert nytta til fritidseigedommar i kommunen.

Tiltak:

- ✓ Gjennom plansamanheng legge til rette for bustadfelt og spreidd bustadbygging i grendane.
- ✓ Oppretthalde og handheve 0-konsesjonsgrense i kommunen.
- ✓ Unngå at bustadhus vert gjort om til fritidshus.
- ✓ Stimulere til omsetnad av bebygde konsesjonsfrie eigedomar.
- ✓ Stimulere til busetnad i tomme bustader på gardsbruk.

9. Rekruttering og forvaltning

9.1 Rekruttering

Sidan 1990 og fram til i dag har talet på søkjarar om produksjonstilskot i kommunen blitt redusert med om lag 37 prosent.

I spørjeundersøkinga frå 2000 kom det fram at omlag 95 prosent av dagens gardbrukarar har overteke bruket på odel. Odelsretten, interesse for landbruket og gardsbruket som ein fin buplass vart oppgjevne til å vere dei viktigaste grunnane for å overta bruket. Svært få overtok gardsbruket av økonomiske motiv.

Spørjeundersøkinga synte også at om lag 50 prosent av dagens eigarar har born eller andre som vil overta drifta, og om lag 70 prosent trur det vil bu folk som driv gardsdrift på staden i framtida. Dårleg lønsemd vart oppgjeven som ein viktig årsak for at dei unge ikkje vil overta.

Resultata av spørjeundersøkinga syner at statlege rammevilkår og lokale verdier knytt til gardsbruket ofte er dei avgjerande momenta for å få rekruttering til næringa. Dei statlege rammevilkåra har ein avgrensa moglegheit til å påverke, men dei lokale verdiane må synleggjerast for barn og unge gjennom samarbeid mellom barnehagar, skular og landbruksnæringa.

Tilrettelegging for skulefritidsordning på gardsbruk, deltaking i frivillig organisasjonsarbeid som 4 H og skular og barnehagar som samarbeidar med landbruksnæringa til dømes med besøk på gardsbruk vil vere tiltak som gjev barn og unge informasjon og opplæring om landbruket sine verdier. Ein viktig rekrutteringskjelde vil også vere at ungdommen har tilgang på landbruksutdanning i nærmiljøet og at næringa sjølv gjer seg attraktiv gjennom positive haldningar og god medieomtale av yrket.

Mange ungdomar er avhengig av landbruksmessig praksis i høve til moglegheiter for vidare arbeid eller utdanning innan næringa. Gjennom praktikantordninga i landbruket kan ein både sikre rekruttering og få tilskot til dekking av delar av utgifter ein måtte ha i samband med praksisplassen.

Gardsbruka er både arbeidsstad og bustad. Gode helsemessige vilkår er i den samanheng viktig for rekruttering og sysselsetjing. Aktivt helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid (HMS-arbeid) må derfor prioriterast gjennom førebyggjande arbeid og sikring av arbeidstilhøva. Landbrukshelsa driv førebyggjande arbeid og kan hjelpe til med ergonomisk og vernemessig kartlegging av gardsbruka. Ved sjukdom er det særst viktig å ha tilgang på kvalifisert avløyser, noko landbruksvikarordninga er med på å ivareta.

Med verknad frå 1/1 2009, er den opphavlege ordninga der landbruksvikar er tilsett i kommunen borte. På bakgrunn av jordbruksforhandlingane er tenesta overført avløyserlaga i landet. I Gol er det Landbrukstenester Folgefonna som har teke på seg ansvaret.

Retningslinjer for bruk av landbruksvikaren er det same som tidlegare, men refusjon av utgifter for 3 dagars eigenmelding er borte. I desse tilfella må det leggjast fram sjukemelding frå dag ein. Med bakgrunn i at avløyserlaga har ansvaret for Landbruksvikar, er det no meir fleksibilitet med tanke på bruk over kommunegrenser. Ved behov kan avløyserlaget også bruke andre avløyserar ved sjukdomsavløysering, og la dette kome under beredskapsordninga. Pr 2009 er det i område Øvre Buskerud 4 heiltids landbruksvikarar, der ein er busett på Gol, Det har vore god balanse mellom etterspørsel frå næringa og tilgang på landbruksvikar.

Tiltak:

- ✓ Etablere skulefritidsordning på gardsbruk, gode samarbeidsformer mellom landbruk og skule.
- ✓ Vere aktiv samarbeidspartnar for å sikre framtida til Ål Vidaregåande skule avd Lien Naturbruk.
- ✓ Støtte opp om 4H sitt arbeid.
- ✓ Nytte praktikantordninga i landbruket.
- ✓ Arrangere kurs for nye bønder.
- ✓ Skape positiv mediaomtale av landbruksyrket.
- ✓ Oppretthalde ordninga med landbruksvikar

9.2 Kommunal landbruksforvaltning

Kommunen er etter jord- og skogbrukslova ikkje lenger pålagt å ha tilsette med fagkompetanse i jord- og skogbruk. Kommunen har likevel ansvaret for å utøve den lokale forvaltninga av eit omfattande regelverk overfor utøvarane i landbruket på ein tilfredstillande måte. Dei viktigaste delane av dette er jordlova, konsesjonslova, skoglova, viltlova og forskrifter i samband med produksjonstilskot og vegbygging. I tillegg skal ein uttale seg i aktuelle plansaker for næringa, vere rettleiar og leggje tilhøva til rette for næringsutvikling.

Spørjeundersøkinga i 2000 synte at om lag 90 prosent var fornøgde med landbrukskontoret si verksemd slik det fungerer i dag. Rådgeving og hjelp til ulike søknader, informasjon om tilskotsordningar og lover og reglar vart trekt fram som viktige arbeidsoppgåver for landbrukskontoret.

Landbrukskontoret ligg under næringsavdelinga i kommunen. Avdelinga har pr. dags dato 2,9 stillingsheimlar fordela på 70 % avdelingsleiar/skogbrukssjef, 70 % miljøvernleiar, 50 % fagkonsulent landbruk og 100% jordbrukskonsulent. Dette er ein nedgang frå 3,5 stillingsheimlar i 2003. Stadig overføring av arbeidsoppgåver frå stat og fylke gjer til at bemanninga er på eit minimum i høve til omfanget av arbeidsoppgåver. I det daglege må derfor avdelinga prioritere lovpålagte og driftsmessige oppgåver, noko som til tider går ut over utviklings- og tilretteleggingsarbeidet. Det må likevel vere prioritert å yte dagleg service og stimulere til aktuelle tiltak som har positiv verdi for næringa.

Tiltak:

- ✓ Oppretthalde noverande stillingsheimlar.
- ✓ Vere kontaktskapande og serviceinnstilt.
- ✓ Sjå moglegheiter innanfor lova sine rammer.
- ✓ Vere praktisk og gjennomføre rask sakshandsaming.
- ✓ Formidle oppdatert informasjon gjennom flygeblad og kommunen sine Internettsider.
- ✓ Arrangere informasjonsmøter om lover, reglar og tilskotsordningar i næringa.
- ✓ Vere fleksibel til bruksendringar og tilleggsnæringar.
- ✓ Stimulere til grunneigarsamarbeid i høve til å sikre rettferdig fordeling av verdiskaping.

9.3 Arealforvaltning

Dei private landbrukseigedomane eig så godt som all inn - og utmark i kommunen og sit med forvaltaransvaret for desse. Gol er ein stor turistkommune og areala har derfor ofte stor verdi både i høve til tradisjonell landbruksdrift, for den private hytteeigar, for dei kommersielle turistbedriftene og for den allmenne innbyggjar i kommunen.

Det kan til tider vere store interesse motsetningar knytt til framtidig arealdisponering. Jordlova, skoglova, plan- og bygningslova, friluftsløva og naturvernlova gjev dei sentrale statlege føringane for arealpolitikken. Utfordringa er å skape ei balansert utvikling og ein arealbruk som tek omsyn til dei ulike faktorane som er avgjerande for vekst og trivsel i kommunen. Gjennom samarbeid kan ein løyse potensielle interesse motsetningar og få til offensiv arealforvaltning til beste for heile næringa.

9.4 LNF-områder

Arealdelen i kommuneplanen er grunnlaget for bruken av areala i kommunen. Landbruksareala er i planen vist som landbruks-, natur og friluftsområde (LNF-område), og med dette meiner ein:

- jord- og skogbruksområde
- husdyr- og beiteområde
- område for utmarksnæring
- friluftsområde

LNF-områda er i kommuneplanen delt inn i fire kategoriar. I LNF-1 område kan det først opp bygg og anlegg i samband med tradisjonell landbruksdrift, medan LNF-2 område er områder med viktige natur- og friluftsiresser. I LNF-3 område kan det gjevast løyve til spreidd bustadbygging og i LNF-4 område kan spreidd hyttebygging bli tillette.



9.5 Omdisponering

Omdisponering av landbruksareal til andre føremål enn landbruksproduksjon må i hovudsak skje i samband med revisjon av kommuneplanen. Det må vere eit mål å ta vare på dei gode jord-, skog- og utmarksområda og unngå nedbygging og oppstykking av desse areala. Kommunen bør stimulere til kårustad i nærleiken av etablert infrastruktur eller etablert bygningsmasse for å redusere nedbygging av dyrkbar mark. Likeeins bør omdisponering av landbruksareal til juletreproduksjon prioriterast der dette kan gje positiv driftsmessig avkastning.

9.6 Deling

Landbrukseigedomane sine arealressursar må forvaltast i eit langsiktig perspektiv til det beste for kvart einskild gardsbruk og næring som heilskap. Jord- og skoglova har klare føresegner der det blir stilt krav om at deling berre kan gjerast dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastning eigedomen kan gje.

Frådeling av hytter og hyttetomter er ei svært aktuell problemstilling på grunn av den store turistmessige verdien av areala i kommunen. Ut frå eit langsiktig landbruksmessig perspektiv må det vere ei overordna målsetjing at frådeling av hytter og hyttetomter berre vert gjort i samsvar med godkjente reguleringsplanar. Festetomter bør i utgangspunktet heller ikkje frådelast på grunn av at desse gjev framtidige årlege inntekter for gardsbruka.

Stølsbus og stølsvollar utgjer saman med bustadhus, bustadtomter, kårustad, ulike driftsbygningar og utleiehytter vesentlege og sentrale delar av ein samla landbrukseigedom. Det vil såleis ikkje vere i samsvar med eit langsiktig forvaltningsprinsipp å gje løyve til frådeling av desse dersom det ikkje er lagt til rette for det gjennom kommuneplanen. Frådeling av areal som ligg naturleg til rette som tilleggsjord vil derimot vere eit tiltak som kan vere med på å styrkje driftsgrunnlaget og dermed sikre busettinga i grendene.

9.7 Dispensasjon

Kommuneplanar og kommunedelplanar gjev overordna bindande føringar for arealbruken i eit bestemt avgrensa område. Plan- og bygningslova er på den måten med på å sikre landbruksnæringa mot tilfeldig nedbygging og kommersiell bruk av verdifulle jord-, skog-, beite- og utmarksareal.

Andre avsnitt:

Dispensasjon frå plan krev grunngitt søknad. Ein dispensasjonssøknad skal nabovarslast og til uttale hjå regionale og statlege styresmakter som vert direkte berørt. Det står vidare i ny plan- og bygningslov § 19-2: " *Dispensasjon kan ikkje gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenserer frå, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter en samlet vurdering.*

Det står vidare av ved dispensasjon frå lovar og forskrifter skal det leggst særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet. Statelege og regionale rammer og mål skal tilleggst særleg vekt, og det bør ikkje dispenserast frå planar, lovens bestemmelsar om planer, og forbodet i § 1-8 (forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag), eller når statlege eller regionale styresmakter har uttala seg negativt om saka.

Utifrå lovteksten skal det vera vanskeleg å få dispensasjon ifrå gjeldande plan. Konkrete tiltak må vurderst individuelt og kvar for seg, men bruksendring av eldre landbruksbygg til kommersielle føremål kan vere døme på tiltak der det bør gjevast dispensasjon

9.8 Bruksendring

Landbruket har til ein kvar tid hatt behov for å ha ein bygningsmasse tilpassa produksjonsgrunnlaget. Bygningsmassen har blitt endra etterkvart som ny teknologi og endra produksjonsformer har blitt etablert. Mange av dei eldre bygningane som stabbur, kokehus, smie, vedskåler, utløer og stølsbygningar vert i dag i avgrensa omfang nytta i produksjonen av landbruksprodukt, men som kulturhistorisk verdi er desse bygningane svært verdifulle.

Det er viktig at landbruket kan nyttiggjere seg av slike bygningar som ein ressurs også i framtida. Det bør derfor leggest til rette for at bygningar av denne typen kan bruksendras og nyttast til kommersielle føremål dersom dette ikkje endrar bygningane sine kulturlandskapsmessige element og at det kjem i konflikt med andre viktige interesser.

Det bør vere moglegheit for å standardheve stølsbuer slik at dei kan ev nyttast til utleige eller eige bruk sjølv om garden ikkje har dyr. Dette er viktig for at gamle stølsbuer skal vere interessante å ta vare på og ikkje bli ståande til nedfalls.

Standardhevinga bør stå i stil med lokal byggeskikk på denne typen bygg slik at det framleis ser ut som ei stølsbu etter ei eventuell standardheving.

Tiltak:

- ✓ Legge til rette for samarbeidsløysingar som sikrar offensiv arealforvaltning.
- ✓ Omdisponering av landbruksareal bør skje i samband med revisjon av kommuneplan.
- ✓ Frådeling av hytter og hyttetomter berre i samsvar med kommune- og reguleringsplanar.
- ✓ Frådeling av festetomter bør ikkje førekomme.
- ✓ Frådeling av stølsvollar, stølsbus, bustadhus, bustadtomter, kårbusad, utleigehytter og ulike driftsbygningar berre i samsvar med kommune- og reguleringsplanar.
- ✓ Frådeling av areal som tilleggsjord bør ein godkjenne.
- ✓ Dispensasjon frå plan krev særlege grunnar
- ✓ Dispensasjon for bruksendring av eldre landbruksbygg til kommersielle føremål bør vurderast.

10. Målsetjingar og tiltak

Nedanfor følgjer ein oversikt over handlingsplanen sine hovudmålsetjingar med tilhøyrande tiltak. Føremålet med oversikten er å synleggjere næringa sitt potensiale i høve til aktuelle tiltak og samstundes utvikle retningslinjer for den framtidige landbrukspolitikken i Gol.

På ansvarsområda for gjennomføring er det nytta slike forkortingar:

K	= Gol kommune
G	= Gardbrukarar/grunneigarar
H	= Handelsnæringa
T	= Turistnæringa
R	= Regionrådet
F	= Fylkesmannen i Buskerud og-/eller Fylkeskommunen
IN	= Innovasjon Norge
KH	= Kommunane i Hallingdal
NLRØ	= Norsk landbruksrådgiving østafjells
FL	= Fagлага som t.d. Bondelaget, Tine, Gilde, Felleskjøpet osv.
GL	= Grunneigarlag
GJ	= Gol jeger- og fiskeforening
GS	= Hallingdal skogeigarlag
VS	= Vegstyrer
V	= Viken skog BA
NLT	= Landbrukstenester Folgefonna

Under finansiering og framdriftsplan er det berre Gol kommune sine tiltak som er omtala. Forslag på tiltak som tilhøyrer andre samarbeidspartnarar må planleggast av dei aktuelle instansane sjølve.

- 1. Gol kommune skal arbeide aktivt for eit landbruk som gjev god inntektsutvikling og synleggjer landbruket sin samfunnsmessige verdi og lokale og regionale ringverknader.**

Tiltak	Ansvar	Finansiering	Framdrift
Ta lokalt og regionalt initiativ for aktiv påverknad mot Storting og Regjering.	K, FL,R		Årleg

- 2. Gol kommune skal arbeide aktivt for eit landbruk som opprettheld ei tradisjonell landbruksdrift basert hovudsakleg på mjølk- og kjøtproduksjon.**

Tiltak	Ansvar	Finansiering	Framdrift
Aktiv marknadsføring av BU og innovasjon Norge midlar til investeringstiltak.	K, IN		Årleg
Oppretthalde stønad til Norsk landbruksrådgiving østafjells.	K	30.000,-	Årleg
Stimulere til satsing på samarbeidstiltak i landbruket.	FL, KH,		Årleg
Stimulere til stølsdrift og aktiv bruk av kulturlandskapet.	G, GL,KH		
Behalde og utvikle lokale fagmiljø.	G, FL		
Tilskot til fjellvegar/stølsvegar i kommunen.	G, VS, K	208 000	Årleg
Oppretthalde landbruksvikarordninga og avløysarordninga.	NLT		

3. Gol kommune skal arbeide aktivt for eit landbruk med bærekraftig forvaltning av jakt og fiskeressursane i kommunen.

Tiltak	Ansvar	Finansiering	Framdrift
Oppfølging av utarbeida driftsplanar for vilt og fisk.	K, G, GL,GJ, GS		
Nytte seg av utvida jakttid for å oppfylle driftsplan og oppfylle jaktkvoter.	K, G		
Sikre ein viltbestand som er tilpassa beitegrunnlaget gjennom beitetakseringa.	K, GL,GJ		Årleg
Legge til rette for kultivering av fiskevatn.	GJ, G, K		Årleg

4. Gol kommune skal arbeide aktivt for eit landbruk som sikrar busetnad i heile kommunen.

Tiltak	Ansvar	Finansiering	Framdrift
Streng praktisering av personleg buplikt.	K, F		Årleg
Sikre tenleg eigar- og bruksstruktur.	G, K, F		Årleg
Oppretthalde og handheve 0-konsesjonsgrensa.	K		Årleg
Unngå at bustadhus vert omgjort til fritidshus.	K		Årleg
Stimulere omsetnad av konsesjonsfrie eigedomar.	G, K		Årleg
Legge til rette for bustadfelt og spreidd bustadbygging i grendane.	G, K		Kommuneplanrevisjon
Omdisponere areal til kårbustad.	K		Årleg

5. Gol kommune skal arbeide aktivt for eit landbruk som stimulerer næringa til nyskaping og vidareutvikling av alle tilgjengelege ressursar på landbrukseigedomane.

Tiltak	Ansvar	Finansiering	Framdrift
Aktiv marknadsføring av Innovasjon Norge og Buordningane.	K, IN		Årleg
Samarbeid mellom landbruk og reiseliv om bygdeturisme og turistretta produktutvikling.	G, GL, T, H		
Foredling og sal av nisjeprodukt som stølsmat, vilt og fisk.	G, T, H		
Lokal merkevarebygging som t.d. Hallingkost.	G, T, H		
Stimulere kompetansebygging på lokal foredling.	G, NLRØ, T, H		
Stimulere felles arealplanlegging mellom grunneigarar.	G, GL, T, K		Kom. plan
Legge til rette for bygging av utleigeeiningar.	G, K		Kom. plan
Finansiere hyttebygg. ved sal av tomter i samsvar m/plan.	G, GL		
Vidareutvikle tilbod om "grøn omsorg".	G		
Stimulere til kreative forretningsidear basert på gardens ressursar.feks "grøn omsorg",bruksendring av tomme bygg ol.	K		Årleg

6. Gol kommune skal arbeide aktivt for eit landbruk som brukar og tek vare på jord, skog og beiteressursane i den daglege landbruksdrifta for å oppretthalde eit variert miljø- og kulturlandskap.

Tiltak	Ansvar	Finansiering	Framdrift
Aktiv marknadsføring av SMIL-ordninga og aktiv marknadsføring av investeringstøtte til organisert beitebruk.	K, F		Årleg
Informere om tilskotsordningar biologisk mangfald.	K, F, HF		Årleg
Dyrka mark og beite må haldast i hevd.	G, K		Årleg
Dyrkbar mark må i størst mogleg grad ivaretakast.	G, K		Årleg
Omdisponering av større jordbruksareal gjennom kommuneplan.	G, K		Rev. kom.plan
Økologisk drift m.o.p. miljø- og ressursomsyn.	G		
Samarbeide med fagorganisasjonar om informasjon og prosjekt som gjev auka kunnskap innan økologisk produksjon.	K,FL,NLRØ		
Frådeling av stølsvollar, støls- og bustadhus, bustadtomter, kårbustad, driftsbygning i samsvar med plan.	K		Årleg
Utbygging via fortetting av byggeområde.	G, GL, T, K,F		Rev. kom.plan
Frådeling av hytter og hyttetomter i samsvar med plan.	K		Årleg
Frådeling av areal som tilleggsgjord bør godkjennast.	K		Årleg
Hindre utbygging av hytter på stølar og stølslandskap.	G, GL, K, F		Rev. kom.plan
Ta omsyn til beitebruk og beiterettar.	G, GL, K, F		Reg. plan.
Legge til rette for felles gjerdehald.	G, GL		
Stimulere bortleige av unytta beiter.	G		
Halde gjerdene i forskriftsmessig stand både på inn og utmark.	G	SMIL-midlar	Årleg
Beiting av stølsvollar og bruk av stølsbygningar.	G		
Nybygging, opprusting og vedlikehald skogsvegar.	G, GL,GS,VS		
Sikre viltbestand tilpassa beitegrunnlaget.	G, GL, K		Årleg
Halde rovdyrbestanden på eit minimum innan lova.	G, K, F		Årleg
Utarbeide beitebruksplan for kommunen.	K, FL, G	70 000	Innan 2010
Utarbeide vegetasjonskartlegging for heile kommunen og bruke denne aktivt i forvaltninga.	K	400 000	Innan 2012
Stimulere for tiltak som løyser beitekravet for dyr i lausdrift i 2013.	G, FL, NLRØ, K	BU-midlar	Innan 2013
Stimulere til prosjekt med bonden som leverandør av ulike bioenergi kilder. spesiell fokus på samarbeidstiltak.	G,K,GS		
Stimulere til planting og ungsogpleie og avsetning av minst 15% til skogfond.	G, GS,V		
Auke avverking av gamal skog.	G, V		
Informere om verdifulle og særeigne naturtypar og unngå inngrep i sårbare områder.	K, F, NLRØ, G		Årleg
Stimulere husdyreigarar med store tap grunna rovvilt om å søke forebyggande tiltak mot rovviltskadar.	K, F		Årleg

Revidert handlingsplan for landbruket i Gol 2010

7. Gol kommune skal arbeide aktivt for eit landbruk som produserer sunn mat av høg kvalitet både tradisjonelle landbruksprodukt og ulike nisjeprodukt.

Tiltak	Ansvar	Finansiering	Framdrift
Aktivt KSL –arbeid.	G, FL		
Oppfølging og oppdatering av miljøplanar.	K, FL, F		Årleg

8. Gol kommune skal arbeide aktivt for eit landbruk som sikrar framtidig rekruttering til næringa.

Tiltak	Ansvar	Finansiering	Framdrift
Støtte 4 H sitt arbeid.	FL, K		Årleg
Arrangere kurs for nye bønder.	FL, K, NLRØ		2. kvart år
Positiv medieomtale av landbruksyrke.	G, FL, K		Årleg
Nytte praktikantordninga.	G		

9. Gol kommune skal arbeide aktivt for eit landbruk som har tilgang på regional landbruksutdanning og lokalt og regionalt kompetansesenter innan næringa.

Tiltak	Ansvar	Finansiering	Framdrift
Sikre framtida for Ål VGS avd Lien.	K, R, FL		Årleg
Arrangere fagkurs og studieturar.	NLRØ, FL, K		Årleg
Oppretthalde noverande stillingsheimlar NM-avdelinga	K		Årleg

10. Gol kommune skal arbeide aktivt for eit landbruk som er minst mogleg byråkratisk innanfor lova sine rammer.

Tiltak	Ansvar	Finansiering	Framdrift
Informasjon om lover, reglar og tilskotsordningar.	K		Årleg
Faginformatjon via flygeblad og Internett.	K		Årleg
Vere kontaktskapande og serviceinnstilt.	K		Årleg
Sjå moglegheiter innanfor lova sine rammer.	K		Årleg
Praktisk tenking og rask sakshandsaming.	K		Årleg
Fleksibilitet i høve til bruksendring og tilleggsnæring.	K		Årleg

Samla sum årlege driftstiltak: kr. 238.000,-

Samla sum investeringstiltak: kr. 470.000,-

11. Referansar

Bjotveit, O. 2003, 2009. *Buskerud Bondelag*, Hønefoss.

Gol kommune 2001, *Kommuneplanen for Gol 2001-2010*, Gol.

Landbruksdepartementet 1993. Stortingsproposisjon nr. 8 (1992-1993).
Landbruk i utvikling, Oslo.

Landbruksdepartementet 2005 Stortingsproposisjon nr. 1 (2005-2006) dokumentet "landbruk pluss".

Landbruksdepartementet 1996. Stortingsproposisjon nr. 29 (1996-1997).
Regional planlegging og arealpolitikk, Oslo.

Landbruksdepartementet 1999. St. meld. nr. 19.
Om norsk landbruk og matproduksjon, Oslo.

Landbrukskontoret 2003, 2009, *Diverse statistikkamansetting*, Gol.

Lov av 12. mai 1995 nr. 23 om jord. *Jordlova*, Oslo.

Statistisk sentralbyrå 2003. *Folke- og bustadtellinga 1980, 1990 og 2001*, Oslo.

Statistisk sentralbyrå 2003. *Landbrukstellinga 1969, 1979, 1989 og 1999*, Oslo.

12. Vedlegg

- Resultat av spørjeundersøkinga, 2000.
- Oversiktsplan for skogbruket i Gol, 1997.
- Beiting i utmark, rapport frå studieringarbeid 1996.

